



**HEIAGJENG:** Tvillingbrørne Asbjørn Nagell Toft og Sveinung Toft heia fram ungane sine på skiløpet.



– **GØY MED NY LØYPE:** Anders Emil Midtgård Matre (i midten) kjem i rasande fart. – Det var betre å skøyta i den nye løypa, seier han.



**GODT HUMØR:** Mathilde Brundtland Eide (6), Lars Rune Brundtland Eide (8) og Marie Brundtland (8) kosar seg, tross kulden.



– **GØY:** Sylvelin Bekken Toft (7 1/2) synest det er gøy å gå på ski og kjekt å vera med på skirenn.



# – Eg vil bli som Northug!

Gamlesætra skicup har for mange blitt ein fin tradisjon. Herman Toppe Alvær (10) har vore med sian han kunne gå. No vil han verta verdsmeister.

**IRENE BRATTENG JENSSEN**  
irene.jenssen@nordhordland.no

Det var reine påskestemminga, med skinande sol, snø, varm saft og barn med roseraude kinn på barneskirenn ved Gamlesætra på søndag.

– Yes, eg vann! jublar Herman Toppe Alvær (10), med henda i været. Den unge skiløparen kjem inn mot mål som nr. 1 i 11-års-klassen. Han gjekk på tida 8.49.

– 1,5 km er ingenting! Eg er best i klassen, seier han med eit stort glis om munnen.

#### Herman skal satsa

Kompisane Magnus Toft (10) og Erlend Hollen Nygård (10) skryt over kameraten, som er utstyrt i skidress, hanskar og lue som matchar.

– Herman er kjempegod på ski, han kjem til å nå langt, seier dei to, medan dei tar rundt vinnaren, og jublar.

– Det er heilt perfekt føre. Det var strålende å gå på ski her i dag, seier Herman, som fortel at han har deltatt på skirenn ved Gamlesætra så lenge kan kan hugsas.

– Eg begynte å gå på ski så fort eg kunne gå, fortel 10-åringen.

No satsar han hardt. Målet er å verta verdsmeister.

– Eg vil bli akkurat som Petter Northug! Han er forbildet mitt, seier Herman, som veit alt om skikongen.

#### Tradisjon

Tvillingbrørne Asbjørn Nagell Toft og Sveinung Toft har to barn kvar som går skirenn. Dei er kanskje den ivrigaste heigjengen Nh finn på sidelinja.

– Det er flott å vera her ved Gamlesætra. Det finst ikkje ein betre plass å vera enn her på ein slik dag, seier Asbjørn. Hit har dei tatt med ungane mange år på rad, og flere år vert det.

– Dette har blitt ein fin tradisjon vi kjem til å halda på, seier



Sveinung. Dei to skryt over arrangementet.

– Det er utruleg god dugnadsinnsats, all ære til grunneigaren og alle frivillege, som gjer at dette er mogleg, seier fedrene.

**– God stemning**

Grunneigar Gunnar Stusdal oppsummerer dagen fornøgd.

– Det har vore god deltaking med strålende vør og fine løyper, seier han. Stusdal sytte for at kalde skigåarar fekk i seg varm saft då dei kom i mål.

– Det er alltid god stemning på skirenn, seier Stusdal, som har arrangert skirenn ved Gamlesætra i 20 år.

– Det var stopp i et par år, men dei siste åra har det vore oppe og

gå igjen, og slik håpar eg vi kan fortsetja, seier grunneigaren, som fortel at mellom 50 og 60 barn deltok på rennet søndag.

**– Slitsomt**

Mathilde Brundtland Eide (6), Lars Rune Brundtland Eide (8) og Marie Brundtland (8) kosa seg på skirenn, sjølv om dei synest det var litt slitsomt.

– Det var litt langt, seier Mathilde, medan ho smilar for-siktig.

– Eg gjekk ein kilometer, så no vert det godt å slappa av, seier Marie, som frys på fingrane.

– Eg synest det gjekk heilt fint, oppsummerer Lars Rune og tar ein sup av safta han fekk servert då han kom i mål.

**VANN 11-ÅRSKLASSEN:** Herman Toppe Alvær (10) vann løpet i sin klasse. – Eg vil bli best, seier den målretta karen.



**JUBEL:** Magnus Tøft (10), Herman Toppe Alvær (10) og Erlend Hollen Nygård synest føret var heilt perfekt. Her jublar kompisane for Herman (i midten).



Tips oss på tlf. 56 35 55 55

# sport



UT PÅ TUR: Andrid Baarøy i flott stil i Oksebotn på veg mot Dingja. (Fotos: Tove Rutledal)

## Tur-entusiastmen er stor

GULEN: Etter fleire tiår i arbeid med å rydde og merke stiar i skog og fjell, ser eg no at start setninga her er sann.

Mange nye finn løypene kvart einaste år. Nokre kjem berre ein sesong, men dei er stort sett turistar. Mange ferierande kjem att og trivst veldig godt i løypene våre, seier dei. Det varmar. Og i lokalbefolkninga kjem det stadig nye namn i trimbøkene og til og med i premielistene. Det er flott.

Det var mange som klaga mykje på været i sommar. Men det viser iallfall ikkje teljerresultata våre. Det kan tolkast på mange måtar. Eg vel å glede meg over at "det gror i løypespor".

### Det gror i løypespor

14895 turar fordelt på 1256 forskjellige turgåarar let seg høyre. Av desse har 139 greidd poengkravet i sin klasse. Vi premierer med ein flott medalje med lokalt fjellmotiv. Men etter kvart 5. år med nok poeng vert det delt ut premie slik: 5.året = plakett med inngravert namn; 10.året = turkopp i tre; 15.året = diplom med eige namn på turkartbakgrunn; 20.året = Ulvang-sokkar; 25.året = samanleggbart grillspyd; 30.året = sitjeunderlag. Vi har 30-årsjubileum for fjelltrimmen i år. Magnor Midtun har greidd kravet kvart einaste år og vert premiert for 30.året med sitjeunderlag. Elles har to nådd

25.året, fem har nådd 20.året, ein har nådd 15.året, ni har nådd 10.året og elleve har nådd 5.året. Resten (110) får medalje.

0 år - 4.klasse = 25poeng  
 Ida Helen Bjelde 25p,  
 Nora Svaberg 26p,  
 Mia Brosvik 25p  
 Julius Svistunas 29p  
 Dorthea Norman Bøe 69p  
 Madelen Sævareid 33p  
 Marthe Helen Flolid Eide 27p  
 Bodil Tveit 25p  
 Tor Fosse 69p  
 Hedda Tveit 41p  
 Per Fosse 73p  
 Vegard Tveit 27p  
 Emilie Thune Hantveit 38p

William Hantveit 44p  
 Sigrid Haugejorden 25p  
 Gaute Haveland 117p (kopp)  
 Grim Haveland 127p  
 Kathe Haveland 25p  
 Iselinn Haveland 36p  
 Kim Daniel Henriksbø 27p  
 Odin Henriksbø 25p  
 Celina Håvåg Husevåg 54p  
 Malin Håvåg Husevåg 39p  
 Hedda Håvåg 47p (plakett)  
 Jenny Emilie Håvåg 90p  
 Jørgen Håvåg 56p (plakett)  
 Mathea Håvåg 25p  
 Maria Håvåg 40p  
 Trym Håvåg 26p  
 Sindre B. Indrebø 60p (kopp)  
 Thea K. Kallekleiv 52p (kopp)  
 Alette Leknes 26p

Jørgen Leknes 37p  
 Fredrik Nyhammer 48p (kopp)  
 Torunn Nyhammer 29p  
 Linn Aurora M. Oppedal 50p  
 Even Randal 33p  
 Eline Rutledal 36p  
 Emma K. Rutledal 78p (plakett)  
 Endre Rutledal 27p  
 Hannah A. Rutledal 114p (plakett)  
 Jakob Rutledal 33p  
 Elise Sognefest 37p  
 Jonas Stølen 25p  
 Isak Svaberg 34p

Innsendt av Tove Rutledal  
*Nh kjem tilbake med namna på dei øvrige fjelltrimmarane i lørdagsavisa.*

## Sterkt av Nordhordland Skiklubb

I helga vart Fanarennet og Vikingrennet arrangert på Sjusete i Øystese.

MORTEN SÆLE  
 morten.saele@nordhordland.no

Fanarennet vart arrangert i fristil lørdag. Herman Toppe Alvær, i klasse gutar 12 år, gjekk eit meget godt skirenn, og skøyta dei 2 kilometerne sine på 7 minutt og 22 sekund. Med det sikra Herman seg ein sterk 5.plass, berre 38 sekund bak vinnaren.

I 14-årsklassen over 3 km fellesstart, viste Jonas Dalland nye framsteg som langrennar. Med

sluttida 10 minutt og 45 sekund, var Jonas under minuttet bak vinnaren i klassen.

Nordhordland Skiklubb hadde i tillegg fem mann med i senior-klassane. Claus Sellevoll var suveren i tillegg, og kom i mål 43 sekund for andremann. Bjørnar Stusdal skoyta inn til ein svært sterk andre plass.

- Dette er mitt beste skirenn, og ein klar forbedring frå tidlegare i vinter. I dag var eg under to minutt bak dei beste juniorane i klasse M19-20 år. Eg er knallgodt fornøgd med min eigen prestasjon, seier Bjørnar Stusdal.

Nikolai Færo, Einar Færo og

Kenneth Alvær utgjorde dei andre deltakarane frå Nordhordland Skiklubb. Også desse fire leverte solid innsats i løypene på Sjusete laurdag.

Vikingrennet 2013, klassisk stil, gjekk av stabelen søndag. På det raske føret var det ingen som kunne hamla opp med Sindre Sunde frå Nordhordland Skiklubb. Han gjorde 10 km unna på 26 minutt og 56 sekund, vel eitt minutt framfor nummer to.

Bjørnar Stusdal, som har satsa mest på skøyting i år, kom på ein fin fjerde plass, med tida 29:23.

Andre på resultatlista frå Nordhordland Skiklubb: 10.



BEMERKA: Nordhordland Skiklubb gjorde seg bemerkta i helga. Frå venstre: Atle Austrheim, Bjørnar Stusdal, Sindre Sunde og Trond Austrheim. (Foto: privat)

plass: Trond Austrheim (32:13), 15. plass: Atle Austrheim (33:28) og 17. plass: Rune Minde (34:07).

- Det er tydeleg at det blir lagt merke til Nordhordland i skimil-

jøet for tida: "Det er blitt mange frå Nordhordland Skiklubb", var kommentaren frå sekretariatet under påmeldinga, fortel Rune Minde.